



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
01.07.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/9188 330
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet,
Postboks 8112 Dep.,
0032 Oslo

Register for godkjenning og kontroll - ROBEK

Fylkesmannen vil med dette brevet gi dei nyaste opplysningane til registeret for godkjenning og kontroll, jf. kommunelova paragraf 60.

Bømlo kommune (kommunenummer 1219)

Kommunen hadde eit meirforbruk i rekneskapen for 2013 med kr. 3,4 mill. Kommunen hadde eit mindreforbruk i rekneskapen for 2014 med kr. 1,4 mill. Kommunestyret vedtok i samband med godkjenninga av årsrekneskapen for 2013 at meirforbruket for 2013 skal bli dekt inn i 2015. Dersom ikkje attst  ande meirbruk fr   2013 reelt blir dekt inn i 2015, vil kommunen bli registrert i 2016.

Stord kommune (kommunenummer 1221)

Kommunen blei registrert i 2011.

Kommunestyret vedtok ved godkjenning av årsrekneskapen for 2013    nytta mindreforbruket fr   2013 til    dekka inn heile det attst  ande underskotet for kommunekassa og ein del av underskotet i kommunale f  retak.

Kommunestyret har godkjent   rsrekneskapen for 2014 i m  te 18.juni d.  . Det er vedteke    nytta mindreforbruket i rekneskapen for 2014, kr. 27,0 mill., til    dekka inn det attst  ande underskotet i dei kommunale f  retaka, kr. 13,3 mill., og til avsetjing disposisjonsfond, kr. 13,7 mill.

Kommunen blir p   denne bakgrunn teken ut av registeret.

Fitjar kommune (kommunenummer 1222)

Kommunen hadde eit meirforbruk i rekneskapen for 2014 med om lag kr. $\frac{3}{4}$ mill. Kommunestyret har i m  te 27. mai d.  . vedteke at meirforbruket for 2014 blir dekt inn med bruk av disposisjonsfond.

Fusa kommune (kommunenummer 1241)

Kommunen hadde eit meirforbruk i 2014 med kr. 1,4 mill. Dette meirforbruket m   bli dekt inn seinast i 2016 for at kommunen skal unng      bli registrert.

Samnanger kommune (kommunenummer 1242)

Kommunen hadde eit meirforbruk i årsrekneskapen for 2014 med kr. 1,59 mill. Det er lagt opp til at underskotet blir dekt inn i 2016. Dersom ikkje meirforbruket frå 2014 reelt blir dekt inn innan utgangen av 2016, vil kommunen bli registrert.

Osterøy kommune (kommunenummer 1253)

Kommunen hadde ved utgangen av 2013 eit attståande rekneskapsunderskot med i underkant av kr. 11,3 mill.

Heradsstyret har i møte 12. mai d.å. godkjent årsrekneskapen for 2014. Årsrekneskapen 2014 er avslutta med eit mindreforbruk, kr. 204.516,- etter at det attståande underskotet frå tidlegare er dekt inn.

Kommunen blir på denne bakgrunn teken ut av registeret.

Radøy kommune (kommunenummer 1260)

Kommunen hadde eit meirforbruk i rekneskapen for 2014 med i overkant av kr. 4,6 mill. Kommunestyret har i møte 24.juni d.å. vedteke å nytta av disposisjonsfondet til å dekka meirforbruket frå 2014.

Eit eventuelt rekneskapsunderskot i 2015 må bli dekt inn innan utgangen av 2017 for å unngå registrering.

Austrheim kommune (kommunenummer 1264)

Kommunen hadde eit meirforbruk i rekneskapen for 2014 med i overkant av kr. 5,1 mill. I kommunestyremøte 20. mai d.å. er det gjort vedtak om å nytta av disposisjonsfondet til å dekka meirforbruket frå 2014.

Eit eventuelt rekneskapsunderskot i 2015 må bli dekt inn innan utgangen av 2017 for å unngå registrering.

Fedje kommune (kommunenummer 1265)

Kommunen hadde eit netto driftsunderskot i 2014 med kr. 374.000,-. I kommunestyremøte 18.juni d.å. er underskotet vedteke dekt inn med bruk av disposisjonsfond.

Oppsummering

Kommunane Stord og Osterøy blir teken ut av registeret. Ingen nye kommunar blir registrert.

Med helsing

Anne Kjersti Sande seksjonsleiar

Håvard Rød
seniorrådgivar

Gjenpart til:
kommunane Bømlo, Stord, Fitjar, Fusa, Samnanger, Osterøy, Radøy, Austrheim, Fedje.

Vedlegg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.